

aller fleste banker, inkl. utenlandske datterbanker og filialer, allerede har konto i Norges Bank. Norges Bank vil imidlertid følge utviklingen i pengemarkedet nøye og om nødvendig gripe inn om markedsmakt utnyttes.

Oppgjørssystemer

Dersom oppgjørssystemene til DnB og NOR slås sammen, vil det bli én bank mindre til å drive oppgjørssystemer på nivå 2, dvs. i tillegg til Norges Banks Oppgjørssystem (NBO). Dette kan føre til redusert konkurranse i dette markedet, og konsekvenser av en svikt i det sammenslåtte oppgjørssystemet vil bli større. Det vil imidlertid fremdeles være potensielle konkurrenter. Markedssituasjonen før DnB fikk konsesjon som oppgjørspartner juni 2001 ble ansett for å være tilfredsstillende.

Oppsummering

En sammenslåing mellom DnB og NOR vil innebære at en større del av den samlede risikoen knyttet til å yte kreditt og andre finansielle tjenester til norsk næringsliv og husholdninger blir konsentrert i ett enkelt finanskonsern. Dersom en finansiell krise skulle ramme DnB NOR, vil konsekvensene for det finansielle systemet være mer vidtrekkende enn om en krise rammer ett av konsernene i dag. Økt størrelse vil samtidig kunne gi mulighet for kostnadsbesparelser, diversifisering og bedre risikostyring, som kan bidra til en stabil inntjening og tilfredsstillende soliditet. Hvorvidt en sammenslåing vil gjøre det finansielle systemet mer stabilt eller ikke, vil avhenge av om slike forbedringer blir realisert og generelt av de strategiske veivalg som tas i det fusjonerte konsernet.

Det er behov for tett tilsynsmessig oppfølging av DnB NORs virksomhet, ikke minst når det gjelder valg av risikoprofil og systemer for styring av risiko. En slik oppfølging vil også legge grunnlag for en raskere og mer effektiv myndighetshåndtering dersom alvorlige problemer skulle oppstå.

I krisesituasjoner vil det foreslåtte finanskonsernet kunne innebære større utfordringer for myndighetene på grunn av sin størrelse og kompleksitet. Bankkrisen viste at myndighetene var i stand til å håndtere en krise som omfattet større deler av det norske bankvesenet enn DnB NOR vil utgjøre. Det kan imidlertid være en kompliserende faktor ved håndtering av en eventuell krise i den fusjonerte banken at staten samtidig er en stor eier.

Fusjonen gir grunn til en bred gjennomgang av sikringsfondssystemet. Overgang til ett fond bør uansett gjennomføres.

Norges Bank forventer at konkurransen innenfor de fleste markedene for banktjenester fortsatt vil være tilfredsstillende etter fusjonen. Redusert konkurranse vil trolig ha størst virkning på små og mellomstore bedrifter i distriktene, hvor nær kunnskap om den enkelte bedrift kan være spesielt påkrevd og der kunderelasjoner begrenser mobiliteten mellom banker. Sparebankenes fremtidige engasjement i dette markedet vil derfor være viktig.

Norges Bank kan ikke se at hensynet til finansiell stabilitet er et avgjørende hinder for fusjonen som de to bankene ønsker.

Med hilsen

Jarle Berge
Jon A. Solheim

Kopi: Finansdepartementet

Nytt hovudstyre i Noregs Bank og nyutnemningar til representantskapet

Det blei i statsråd 28. november utnemnt nytt hovudstyre i Noregs Bank frå 1. januar 2004. Utnemninga kjem etter at Stortinget tidlegare i år endra sentralbanklova og mellom anna skjerpa inn krava til habilitet og endra praksis for utnemning. Dei nye medlemmene er:

For perioden 1. januar 2004 – 31. desember 2007

Professor *Asbjørn Rødseth*, Oslo
Viseadministrerende direktør *Liselott Kilaas*, Oslo

Vara: Cand. oecon. *Einar Forsbak*, Skedsmo
Vara: Professor *Per Christiansen*, Tromsø

For perioden 1. januar 2004 – 31. desember 2005

Avdelingsdirektør *Vivi Lassen*, Oslo
Dagleg leiar *Brit Rugland*, Stavanger
Førsteamanuensis *Øystein Thøgersen*, Bergen

Vara: *Kari Broberg*, Lena
(oppnemnd av Finansdepartementet 5.12. etter fullmakt)
Vara: Professor *Inger Johanne Pettersen*, Bodø
Vara: Førsteamanuensis *Ingunn Myrtveit*, Oslo

Sentralbanksjef *Svein Gjerdrem* leier hovudstyret, medan nestleiar er visesentralbanksjef *Jarle Berge*.

Endringar i sentralbanklova

Stortinget vedtok endringar i sentralbanklova tidligare i år. Då fekk Regjeringa støtte til forslaget om å gå bort frå den langvarige praksisen med at stortingsgruppene til dei politiske partia på Stortinget foreslår aktuelle kandidatar. Difor er no alle dei fem medlemmene av styret utnemnde etter den nye ordninga. Ein av dei gamle medlemmene, Vivi Lassen, er oppnemnd i det nye styret.

Endringane vart gjorde for at ein lettare skal kunne sjå heile styret under eitt. Eit anna føremål var å gjere habilitetsreglane strengare, ved at til dømes nære slektningar til politikarar og embetsverk ikkje lenger kan vere medlemmer i hovudstyret. Dei same reglane gjeld òg for representantskapet.

Nærare om medlemmene

Asbjørn Rødseth (52) er professor dr.oecon. og dekan ved Det samfunnsvitskapelege fakultet, Universitetet i Oslo. Han har lang forskarrøynsle i makroøkonomi og generelle problemstillingar innanfor økonomisk politikk, spesielt innan finans- og pengepolitikk. Rødseth er medlem i Pensjonskommisjonen. Han har òg vore nestleiar i styret for Kredittilsynet.

Liselott Kilaas (44) er viseadministrerande direktør i Zenitel Norge. Ho har utdanning frå Universitetet i Oslo og International Institute for Management Development (IMD) i Lausanne. Ho er styremedlem i Telenor, og har brei næringslivsrøynsle frå IKT, oljeindustri og konsulentverksemd.

Vivi Lassen (52) er avdelingsdirektør i Statskonsult der ho leier avdelinga for styring og resultatorientering. Lassen er noverande medlem av hovudstyret i Noregs Bank. Ho er tidlegare byråd og bystyremedlem i Oslo for SV.

Brit Rugland (45) er dagleg leiar og eigar i investeringsselskapet Rugland Invest. Ho er styreleiar i det nye, statlege gasselskapet Gassco AS. Ho har brei næringslivsrøynsle frå oljeindustri, finans og skipsfart.

Øystein Thøgersen (39) er førsteamanuensis dr.oecon. ved Norges Handelshøyskole i Bergen. Spesialfeltet er offentlege finansar, pensjonar og pengepolitikk.

Representantskapet

Stortinget peikar ut medlemmene til Noregs Banks representantskap, og gjorde 5. desember vedtak om utnemning av 8 medlemmer for perioden 2004–2007, mens 7 er valde frå tidlegare med funksjonstid ut 2005. Dei 7 tidlegare utnemnde er (tre nye varamedlemmer er peika ut på grunn av at habilitetsreglane er endra):

- | | |
|---------------------------------------|---|
| 1. Mary Kvidal, Vikhamar (A) | Vara: Anne Strifeldt, Vadsø (ny) |
| 2. Oddleif Olavsen, Bodø (H) | Vara: Kjellaug Nakkim, Moss |
| 3. Siri Frost Sterri, Hundhamaren (H) | Vara: Finn Egil Holm, Sande (ny) |
| 4. Jens Marcussen, Tvedestrand (FrP) | Vara: Liv Røssland, Bergen (ny) |
| 5. Hakon Lunde, Oslo (FrP) | Vara: Dag Sandstå, Stord |
| 6. Pål Julius Skogholt, Tromsø (SV) | Vara: Karin Westhrin, Kragerø |
| 7. Trude Brosvik, Brekke (Kr.F) | Vara: Steinar Løsnesløykken, Nedre Heidal |

Medlemmer og varamedlemmer valde for perioden 1. januar 2004 – 31. desember 2007 er:

- | | |
|---|--|
| 1. Terje Ohnstad, Bergen (A) (gj.v.) | Vara: Ragnhild Weiseth, Fannrem (gj.v.) |
| 2. Eva Karin Gråberg, Rauma (A) (ny) | Vara: Jan Elvheim, Harstad (gj.v.) |
| 3. Tom Thoresen, Fredrikstad (A) (gj.v.) | Vara: Hans Kolstad, Hamar (ny) |
| 4. Solveig Nordkvist, Kristiansand (H) (gj.v.) | Vara: Liv Stave, Stadlandet (gj.v.) |
| 5. Hans Petter Kvaal, Tromsø (H) (ny) | Vara: Arent Kragh, Bergen (ny) |
| 6. Runbjørg Bremset Hansen, Kolvereid (SV) (ny) | Vara: Camilla Bakken Øvald, Oslo. (gj.v.) |
| 7. Kåre Harila, Vestre Jakobselv (Kr.F) (gj.v.) | Vara: Torun Elise Kvisberg, Lillehammer (ny) |
| 8. Anne Tingelstad Wøien, Gran (SP) (ny) | Vara: Steinulf Tunesvik, Oslo (ny) |

Stortinget peikar òg ut leiar og nestleiar for to år om gongen, og for 2004–2005 er Mary Kvidal vald som leiar med Solveig Nordkvist som nestleiar.